



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Kåre Træen
Telefon: 57643004
E-post: fmsfkr@fylkesmannen.no

Vår dato
26.06.2014
Dykkar dato
14.05.2014

Vår referanse
2014/2068 - 333
Dykkar referanse

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Pb 8112 Dep
0032 OSLO

Høyring – lovframlegg om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtalar før iverksetjing av kommunereforma

Vi viser til lovframlegg om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtalar før iverksetjing av kommunereforma.

Fylkesmannen tek lovframlegget til vitande.

Ettersom fylkesmennene no skal kontrollere lånevedtak for alle kommunar, vil dette føre til auka ressursbruk i gjennomgangen av kommunale budsjett. Vi reknar med at fylkesmennene får tilført ekstra ressursar til dette. Kontrollane kjem til å bli gjennomført innan eit avgrensa tidsrom (15.01 – 15.02), som betyr at dette må prioriterast framfor andre oppgåver i denne perioden.

Etter framlegget skal kommunestyrets vedtak om låneopptak i årsbudsjettet kontrollerast. Det betyr at budsjetterte låneopptak i økonomiplanen, som tidlegare, ligg utanfor kontrollen. Det kan føre til praktiske utfordringar, t.d. dersom ein kommune har budsjettert med større låneopptak frå år to i økonomiplanen. Vi meiner at fylkesmennene må etablere ein praksis med tilbakemelding til kommunar, som i økonomiplanen har budsjettert med låneopptak som kjem inn under uheldige økonomiske disposisjonar og strategiske tilpassingar før iverksetjing av kommunereforma. Etter vårt syn er det føremålstenleg at lovgjevaren kjem med eit signal om korleis denne praktisk viktige problemstillinga skal handterast.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Kåre Træen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj